



## Høyanger kommune Ordføraren

Styreleiar og styremedlemmer i Helse Vest  
AD Helse Vest  
Styreleiar og styremedlemmer Helse Førde  
AD Helse Førde

### FRAMTIDA TIL TRONVIK PSYKIATRISKE BEHANDLINGSHEIM

Syner til brev Høyanger kommune v/ ordføraren, og uttale frå Sogn Regionråd frå februar 2020.

Syner vidare til møte på Tronvik 19. juni 2020 der m.a. styreleiar Agnes Landstad og AD Arve Varden i Helse Førde deltok.

I dette møtet kom det fram at Helse Førde flyttar 11 sengepostar knytt til DPS døgn frå Tronvik til nytt bygg i Førde ila 1. kvartal 2021. Tronvik vil etter flyttinga av DPS sitje igjen med 15 senger ved rusposten.

I møtet 19. juni vart det informert om at pasientane på rusposten kjem i hovudsak frå Helse Bergen og Helse Fonna sitt område. Helse Førde har god nok kapasitet på dette feltet i dag i sitt område, definert som «gamle» Sogn og Fjordane fylke. Det vart også informert om at Helse Vest etter ferien i 2020 skulle starte arbeidet med å gjennomgå regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) 2021-2025.

Kva er status og vidare framdrift i dette arbeidet?

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdømme innan dette viktige fagfeltet.

Tronvik ligg i rolege og naturskjønne omgjevnader, med tenlege bygningar som Helse Førde likevel må halde ved like etter pålegg frå nasjonale verne-styresmakter. Dette gjer at det nærast må vere ein «vinn-vinn» situasjon for Helse Vest og Helse Førde å auke kapasiteten på rusbehandling på Tronvik.

Sogn Regionråd og Høyanger kommune forventar at Helse Vest og Helse Førde no intensiverer arbeidet med å styrkje og vidareutvikle Tronvik som behandlingsinstitusjon!

Med vennleg helsing  
Høyanger kommune

Petter Sortland  
ordførar